

Reguleringsplan, detaljregulering for:

jf. plan- og bygningslovens (pbl) kap.12

Galteråsen næring Gnr. 137 Bnr. 832 m.fl.

Nasjonal arealplan-ID 4631_2021002

Saksnummer	PlanID: 4631_2021002 Saksnr.: 20/1470
Siste revisjonsdato føresegn	Sist endra: 16.05.2023
Vedteken	dd.mm.åååå

PLANFØRESEGN

(pbl § 12-7)

§ 1 Planens hensikt

Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. Den tiltenkte funksjonen til det nye næringsområdet vil i hovudsak vere lagerverksemnd og annan plasskrevjande næring, i tråd med føresegna for kommunedelplanen. Planen omfattar også ei samankopling med eksisterande næringsområde nordvest og søraust for planområdet.

§ 2 Fellesføresegn for hele planområdet

Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

§ 2.1 Estetisk utforming

- § 2.1.1 Den arkitektoniske utforminga av ny bygningsmasse skal vise omsyn til omgjevnadene. Det skal nyttast ulike material for å sikre variasjon i uttrykket.
- § 2.1.2 Materialar som vert nytt skal ha naturleg palett i material som tre, stål og betong i farger som likna på naturen i området.

§ 2.2 Terrenghandsaming

- § 2.2.1 Alle terrenginngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Fyllingar skal såast til med stadeigen vegetasjon som eignar seg til pollenering.
- § 2.2.2 Nye murer, inkludert støttemurar, skal bereknast ut ifrå terrenginngrep. Murar skal oppførast i naturstein.

§ 2.3 Byggegrense

- § 2.3.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrense vist i plankart.
- § 2.3.2 Det tillatast parkering, trappar, skjeringar, fyllingar og støttemurar utanfor og/eller nærare nabogrensa enn regulerte byggegrenser. Gjeld ikkje i byggegrense mot veg.
- § 2.3.3 Det skal sikrast nødvendig areal for avkøyrslar og teknisk infrastruktur innanfor arealet mellom veg og byggegrense. Dette må skje før det kan tillatast andre tiltak som parkering, trappar, skjeringar, fyllingar og støttemurar.

Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

§ 2.4 Handtering av overvatn

- § 2.4.1 VA-rammeplan datert 25.02.2022, skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og byggesakshandsaming. Flytting av hovudvassleidning skal avklarast med kommunen og grunneigar.
- § 2.4.2 Avkøyrslar skal ha fall frå hovudveg for å unngå avrenning av overflatevatn til hovudvegen. Overvatn handterast lokalt på kvar enkelt eigedom. Overvatn frå veg og fortau skal handterast langs vegen, f_SKV og f_SGS1-2.
- § 2.4.3 I anleggsfasen må det vurderast om det vil vera nødvendig med tiltak knytt til mogleg forureining av overvann, samt andre nødvendige tiltak som påslipp på leidningsnett. Dette skal gjerast ved opparbeiding av næringsområda.

§ 2.5 Massehandtering

- § 2.5.1 Overskotmasse skal i størst mogleg grad gjenbrukas i føresegnområdet #1, der markslaget i hovudsak er til grasproduksjon og innmarksbeite. Gjenbruken er for å minimere behov for ekstern transport og deponering. Ved gjenbruk skal spreiring av framandarter unngåast, jf. §2.5.5.
- § 2.5.2 Masser som ikkje vert nytta innanfor planområdet må transporterast bort og deponerast på forsvarleg måte etter gjeldande normer og forskrifter.
- § 2.5.3 Det er ikkje lov med noko mellombels deponering av masser innanfor L1 området. Ved mistanke om forureina grunn skal ein undersøke massen.
- § 2.5.4 Massehandteringsplan datert 28.02.2023 skal leggjast til grunn ved byggesøknad.
- § 2.5.5 Spreiring av framandarter skal unngåast. Masser som inneheld framandarter skal deponerast på eit godkjent mottak eller behandlast på en måte som fjernar levedyktige planterestar frå jordmassane.

§ 2.6 Dokumentasjonskrav og særskilt underlag til byggesaksbehandling

- § 2.6.1 Ved rammeløyve skal det ligge føre ein detaljert utomhusplan for kvart enkelt byggeområde. Det skal skriftleg gjerast greie for korleis føresegna i denne plan er oppfylt. Utomhusplan skal vere i målestokk 1:500 eller 1:200, og skal minimum vise:
 - Plassering av bygg innan felt BN1-BN6
 - Eksisterande og framtidig terreng og vegetasjon, samt terrengtilpassing mot naboeigedomar.
 - Murar, trappar og gjerde.
 - Utforming og plassering av tilhøyrande vegar, gangvegar/stiar, avkøyringar, materialbruk på gangareal, ledelinjer, stigningsforhold, uteopphaldsareal og anna disponering av ubygd areal.
 - Tilkomst for utrykkingskøyrerøy
 - Renovasjonsløyving og evt. miljøstasjon og nettstasjon.

- Prinsippa for universell tilgjenge.
- Parkering og snuplass for bil på eigen grunn, samt sykkelparkering.
- Handtering av overvatn.
- Plassering og type aktivitetselement innan GT1 og GT2.

§ 2.6.2 Sprenging skal utførast ihht. gjeldene lover og forskrifter. Støyrapport, datert 31.03.2023 skal vera retningsgivande for støyskjermingstiltak. Støy skal ikkje overstige Lden ≤ 50 dB.

§ 3 Føresegn til arealformål

§ 3.1 Bygg og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

§ 3.1.1 Fellesføresegn for bygningar og anlegg (Felt BN1-6)

§ 3.1.1.1 Grad av utnytting

§ 3.1.1.1.a Maksimal grad av utnytting er angitt på plankartet.

§ 3.1.1.2 Byggehøgder

§ 3.1.1.2.a Maks byggehøgde er angitt på plankartet.

§ 3.1.1.2.b Maks byggehøgde er 15 meter. Det kan tillast takoppbygg som trappehus, takterrasse, heishus, ventilasjon og andre tekniske installasjonar i inntil 4 meter over angitt maksimal byggehøgde.

§ 3.1.2 Næringsbygningar (BN1-6)

Utforming (§12-7 nr. 1):

§ 3.1.2.1 Type bygg

§ 3.1.2.1.a Innanfor områda tillast det bygg og installasjonar knytt til nærings-, handverk- og lagerverksemd med tilhøyrande administrasjonsbygg og kontor.

§ 3.1.2.1.b Det tillast ikkje etablering av tiltak nemnd i Forskrift for konsekvensutgreiningar vedlegg II.

§ 3.1.2.1.c Det skal ikkje opparbeidast tiltak nemnd i Forskrift for konsekvensutgreiningar vedlegg I., med unntak av 24. Næringsbygg.

§ 3.1.2.1.d Det tillast arealkrevjande handel, men ikkje detaljhandel. Det omfattar kontor i den grad at det kan reknast som administrasjon av anna hovudaktivitet i tråd med føremålet. Det er tillat med plasskrevjande varer knytt til verksemda.

§ 3.1.2.1.e Verksemdar skal vera lokalisert slik at grenseverdiane for støy i gjeldande retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging vert ivareteke. Støysituasjonen og eventuelle avbøtande tiltak skal dokumenterast i samband med regulering eller ved søknad om tiltak, jf. pbl. § 11-9 nr 6 og 8.

§ 3.1.2.1.f Nye verksemdar skal plasserast slik at dei ikkje vil vere til vesentleg ulempe for nærliggjande bygningar eller offentlege føremål m.o.t. støy, forureining, eller andre negative konsekvensar med omsyn til miljøet.

§ 3.1.2.1.g Inngjerding av eigendomar tillast dersom det er naudsynt av sikkerheitsmessige årsaker.

§ 3.1.2.1.h Kvar enkelt bedrift som skal etablere seg i planområdet skal gjere greie for støy til omgjevnadene før etablering jf. § 5.1.2.

§ 3.1.2.2 Parkering og sykkelparkering

§ 3.1.2.2.a Parkering inngår i BYA.

§ 3.1.2.2.b Parkeringsdekning for type verksemd:

Føremål	Bilparkering per 100 m ² BRA.	Sykkelparkering per 100 m ² BRA.
Industri, verkstad inkl. handel store varegrupper	Max 1,0 parkeringsplassar	Max 0,5 parkeringsplassar
Lager	Max 0,8 parkeringsplassar	Ingen parkeringsplass
Kontor	Max 1,5 parkeringsplassar	Max 2,0 parkeringsplassar

§ 3.1.2.2.c Kvar parkeringsplass skal vere minimum 18 m². Dette gjeld både ved overflateparkering og i parkeringkjellar.

§ 3.1.2.2.d Parkering for rørslehemma skal vera 5 % av alle parkeringsplassar, og skal plasserast nærast mogleg hovudinngang.

§ 3.1.2.2.e Det skal vere tilrettelagt 10 % av alle parkeringsplassar for el-bilar.

§ 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

§ 3.2.1 Fellesføresegn for samferdsel og teknisk infrastruktur (Felt f_SKV, f_SGS og SVG)

§ 3.2.1.1 Vegar og køyrevegar skal opparbeidast med bredde og kurvatur som vist på plankartet og godkjente tekniske planer.

§ 3.2.1.2 Køyreveg (SKV)

§ 3.2.1.2.a Veg merket f_SKV er felles. Veg, oppbygging og overflater skal dimensjonerast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker for dimensjonerande køyretøy MVT.

§ 3.2.1.2.b Vegen skal vera universell utforma og dei tekniske teikningane skal detaljerast i byggesak.

§ 3.2.1.3 Gang-/ sykkelveg (SGS)

§ 3.2.1.3.a Gang/sykkelveg merket f_SGS1-2 er felles.

§ 3.2.1.3.b Gang/sykkelveg skal opparbeidast med bredde og kurvatur som vist på plankartet og godkjente tekniske planar.

§ 3.2.1.4 Avkøyrslar

§ 3.2.1.4.a Avkøyrslar skal opparbeidast i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Dimensjoneringsgrunnlaget for utforming av avkøyrslar skal vera for store køyretøy.

§ 3.2.1.4.b Avkøyrspilane til einssilde føremål er markert i plankart. Det tillatast avvik frå plasseringa til avkøyrspilene.

§ 3.3 Grønnstruktur (§ 12-5 nr. 3)

§ 3.3.1 Fellesføresegn for turveg (GT)

§ 3.3.1.1 Arealbruk

§ 3.3.1.1.a GT1-2 skal utarbeidast med bredde og kurvatur som vist i plankartet.

§ 3.3.1.1.b GT1-2 skal brukast som turveg under utbygginga av næringsområde så langt det rår. I bygge- og anleggsfasen skal turvegen leggst om midlertidig om naudsynt. Ved arbeid på eller nær turvegen tillatast det stenging i begrensa periode. Stenging skal varslast på førehand, og det skal plasserast skilt i begge endar.

§ 3.3.1.1.c Det skal etablerast ein port i føremålet GT1 ved inngangen i sør.

§ 3.3.1.1.d Det skal plantast tre innanfor føremålet. Det skal ikkje plantast tre som kjem i konflikt med friskt, jf. § 4.1.1.

§ 3.3.1.1.e Det skal oppførast og etablerast belysning langs turvegen.

§ 3.3.1.1.f Langs GT1 og GT2 skal det oppførast informasjonstavler og element som bidreg til aktivitet for born og turgåarar. Det skal etablerast minimum 2 aktivitetselement på kvart aktivitetsområde. Det skal etablerast totalt 4 aktivitetsområde innanfor GT1 og GT2.

§ 3.3.1.1.g Det skal etablerast aktivitetselement som til dømes balansebom/balansestokkar, klatrestativ, vippehuske, informasjonstavler, m.m. Endeleg plassering av dei 4 aktivitetsområda innanfor GT og kva type aktivitetselement som skal etablerast, skal gå fram av situasjonsplan/utomhusplan jf. § 2.6.1.

§ 3.3.1.1.h Ved utforming av turvegen skal det leggjast vekt på tryggleik og oppleving for turgåarar.

§ 3.3.1.1.i Det tillatast bruk av overskotsmassar ved opparbeiding av turvegen. Ved bruk av overskotsmassar skal spreiding av framandarter unngåast jf. §2.5.5.

§ 3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål (L)

§ 3.4.1 Arealbruk

§ 3.4.1.1.a Resterande L1 området som ikkje er innafør føresegnområde #1 og utanfor særlege omsyn til friluftsliv sone H530 skal berre ha føremål som gjeld landbruks- og natur-, og friluftsområdet med naudsynt tiltak for landbruk og gards basert næringsverksemd tillatast.

§ 3.4.1.1.b Innan område L2 skal det etablerast vegetasjonsskjerm.

§ 3.4.1.1.c Ved fjerning av myrareal skal det gjennomførast avbøtande tiltak som gjenbruk av jordmassar til innmarkbeite og grasproduksjon, planting av skog, og lokal transport av masser.

§ 4 Føresegn til omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)

§ 4.1 Friskt (H140)

§ 4.1.1 I område mellom frisktlinje og køyreveg skal det til ei kvar tid vera fri sikt 0,5 m over vegplanet på tilstøytane fortau og vegar.

§ 4.2 Særlege omsyn til friluftsliv (§ 11-8 c) (H530)

§ 4.2.1 Tiltak innanfor H530 skal vera minst mogleg til hinder for friluftslivinteresser.

§ 4.3 Føresegnsområde (§12-7) (#1)

- § 4.3.1 I føresegnsområde #1 tillatast det tilrettelegging i form av fylling/ justering av terreng. Overskotsmassar som ikkje inneheld forureining eller framandarter skal nyttast til jordbruksformål jf. 3.4.1.1 c. Det kan tillatast parsellhage.
- § 4.3.2 Det tillatast vidareføring av sambandslinje/turveg frå GT2 til eksisterande turtrase i føremål L1.
- § 4.3.3 Det tillatast justeringar av eksisterande turtrase.
- § 4.3.4 Det tillatast etablering av naturleikeplass i føresegnområdet #1.
- § 4.3.5 Alle inngrep i føresegnområdet #1 skal avklarast med grunneigar.

§ 5 Rekkefølgjeføresegn (§ 12-7 nr. 10)

§ 5.1 Før rammeløyve

- § 5.1.1 Ved søknad om rammeløyve skal det sendast inn en detaljert situasjonsplan/utomhusplan jf. § 2.6.1.
- § 5.1.2 Ved søknad om rammeløyve skal det sendast inn massehandteringsplan jf. § 2.5.4.

§ 5.2 Før igangsetjingsløyve (BN1-6)

- § 5.2.1 Gjennom heile anleggsperioden skal det gjerast geoteknisk/geologisk vurdering ved sprenging av skjeringar eller etablering av murar med høgde over 6 m. Vurderingane skal leggjast til grunn for prosjektering av nødvendige sikringstiltak, herunder oppsetting av gjerder på toppskjering og mur. Under anleggsperioden skal det etablerast midlertidig sikring før permanent sikring. Vurderinga skal utførast av firma med geoteknisk/ geologisk kompetanse, og skal vere på plass før igangsetting av bygget. Dette gjeld ikkje for igangsetting av grunnarbeid.
- § 5.2.2 Plan for beskyttelse av omgjevnader mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen skal følge søknad om igangsetting. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstider, trafikktryggleik for gåande og syklande, reinhald og støydemping og støyforhold. Nødvendige beskyttelse tiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan igangsettas. For å oppnå tilfredsstillande miljøforhold i anleggsfasen skal luftkvalitets- og støygrenser som angitt i ein kvart tidsgjeldande versjon av Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av luftkvalitet og støy i arealplanleggingen, T-1520 og T-1442, tilfredsstillast. Plan skal følgje grenseverdiar i tabell 4 i T-1442.
- § 5.2.3 Det skal utarbeidast skiltplan for vegvisningsskilt til næringsområde langs Fv. 565. Før vedtak hos Statens vegvesen skal skiltplanen godkjennast av Vestland fylkeskommune.

§ 5.3 Før bygning blir teken i bruk (BN1-6)

- § 5.3.1 Før da gjevast mellombels bruksløyve eller ferdigattest for bygg i felt/delfelt skal følgjande vere opparbeid og godkjent av Alver kommune avd. for Samferdsel, veg, vatn og avlaup:
 - § 5.3.1.1 Det skal føreliggje godkjent sluttdokumentasjon.
 - § 5.3.1.2 Hovudanlegg for vatn, avlaup og overvatn. Skal etter godkjent sluttdokumentasjon og synfaring utan manglar. Overtakast av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald.
- § 5.3.2 Ved ferdigattest av veg (f_SKV) til Galteråsen skal tilkomst frå Alvervegen til næringsområdet stengast permanent. Det skal setjast opp tilhøyrande skilt.
- § 5.3.3 Den permanente stenginga skal plasserast innanfor detaljreguleringsplan for Alver næringsområde, gnr. 137, bnr 325 og 459 mfl., planID: 1263_201206. Konkret plassering

av vegstenging skal avgjerast i samråd med Vestland fylkeskommune, grunneigar og Alver næringsområde når det vert søkt om ferdigattest av f_SKV.

- § 5.3.4 Ved oppstart av anleggsfasen kan ein nytte tilkomst frå nord og sør. Så snart f_SKV er etablert gjennom området, skal anleggstrafikken komme frå sør. Permanent stenging og skilting skal opparbeidast ved ferdigstilling av f_SKV.
- § 5.3.5 Køyreveg f_SKV og gang-/sykkelveg f_SGS1-2 skal vere ferdig opparbeid.
- § 5.3.6 Turvegen GT1-2 skal vere ferdig opparbeida før det gis midlertidig brukstillating på VVA-anlegg. Ved behov for kortvarig, midlertidig omlegging av tursti, skal denne merkast godt i begge ender med skilt.

Dokumenter som får verknad gjennom tilvising i føresegn

Juridisk

- Plankart, datert 16.03.2023
- VA-rammeplan, datert 25.02.2022

Retningsgivande

- Støyrapport, datert 31.03.2023